

SAUDA KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 7. september 2015 blei det halde møte i Sauda kontrollutval under leiing av leiar Inge Løyning.

MØTESTAD:	Sauda Rådhus, møterommet 3. etg.
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 15.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Inge Løyning (H) og Wenche Pleym (Ap)
FORFALL:	Katrine Skorpe (H)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	1. vara Egil Bakke
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisorane Ole Willy Fundingsrud og Lena Davik Fjørtoft - frå KPMG AS. Dei deltok ikkje ved handsaming av sak 16/15
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Frode Sulen til og med sak 15/15 og økonomisjef Roy Ove Kvernenes
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL 27.04.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 27.04.15 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.15:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.15:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 27.04.15 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 11/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.09.15

18. Statusrapport pr. september 2015
19. Kst vedtak 17.06.15, sak 43/15 – Økning av tallet på medlemmer i kontrollutvalget
20. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
21. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere ...
22. Datatilsynet – Gebyr for avvik hos kommuner
23. Bernt svarer – Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
24. NKRF overtar sekretariatet for FKT

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.15:

Utvalgssekretær gjorde greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.15:

Kontrollutvalet tek referatsakene 18 – 24 til orientering.

SAK 12/15 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2015 – KPMG AS

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring av 17.08.15 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.15:

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.15:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring av 17.08.15 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

SAK 13/15 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «INTERNKONTROLL – MED EIT SÆRSKILT BLIKK PÅ INNKJØP»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

1. Suda kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Internkontroll – med eit særskilt blikk på innkjøp» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.15:

Revisorane Ole Willy Fundingsrud og Lena Davik Fjørtoft presenterte rapporten. Fundingsrud gjekk fyrst gjennom hovudvurderingane. Han meinte kommunen gjorde eit godt arbeid med internkontroll og at det meste var på plass.

Kommunen hadde eit godt rammeverk som la grunnlaget for arbeidet. Han meinte det var manglar ved den overordna risikovurderinga og at oppfølging av nokre kontraktar ikkje var god nok. Kommunen hadde også utfordringar med å ha all nødvendig dokumentasjon på plass. Fjørtoft presenterte rapporten meir i detalj og gjekk gjennom bakgrunn for rapporten, mandat, formål, hovudfunn og revisor sine vurderingar og tilrådingar.

Medlemmene drøfta innhaldet i rapporten og hadde nokre spørsmål mellom anna om delegasjonsreglement og oppfølging av fakturaer. Revisorane og økonomisjefen svarta på spørsmåla. Revisor ville ha utvalet sitt syn på om namn på firma som var nemnd i rapporten burde vere offentlege eller bli fjerna. Utvalet støtta revisor i at namna burde vere offentlege.

Utvalet var fornøyd med rapporten og revisor sine tilrådingar, og støtta framlegget til innstilling.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.15 og innstilling til kommunestyret:

1. *Sauda kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Internkontroll – med eit særskilt blick på innkjøp - » og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 14/15 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2016 – UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet sitt framlegg til innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Sauda kommune for 2016 vert på i alt **kr 688 750,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	119.750
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	159.000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	410.000

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.15:

Utvalssekretær gjorde greie for framlegget. Det var teke omsyn til at talet på medlemmer vil auke frå tre til fem neste år. Utvalet hadde ingen merknader og støtta framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.15 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Sauda kommune for 2016 vert på i alt **kr 688 750,- eks mva** fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>119.750</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>159.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>410.000</i>

**SAK 15/15 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNE-
VERANDE PERIODE 2011-2015**

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sauda kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome fram i møtet, og å legge fram referatet til neste møte i kontrollutvalet.

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.15:

Evaluerings skjema blei punktvis gått igjennom og medlemmene kom med synspunkt, innspel og kommentarar. Sekretariatet vil samanfatte kommentarane og bruka dei som ein del av opplæringa for det nye utvalet i haust.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.15:

Sauda kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome fram i møtet, og å legge fram referatet til neste møte i kontrollutvalet.

SAK 16/15 VAL AV REVISOR FOR PERIODEN 2016 - 2020

Handsama i lukka møte, jf. kommuneloven § 31.2. Vedlegg 3 og 4 – ikkje offentleg, jf. OFL§ 23.3

Sekretariatet sitt framlegg til innstilling:

Sauda kommunestyre vel revisjonsselskapet xxxxxxxx som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.15:

Revisorane gjekk før handsaming av saka. Vedlegg 3 og 4 blei delt ut og gått igjennom i møtet.

Utvalssekretær gjorde greie for dei to innkomne anboda. Ut frå vekting av anbodskriteria, er det anbod nr 1 (KPMG AS) som skårar høgast. Utvalet støtta dei vurderingane som sekretariatet hadde gjort, slik det kom fram i anbodsevalueringane i vedlegg 3 og 4. Utvalet meinte vedlegga gav eit godt grunnlag for velje det tilbodet som var "det økonomisk mest fordelaktige" for kommunen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.15 og innstilling til kommunestyret:

Sauda kommunestyre vel revisjonsselskapet KPMG AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 16.11.15, kl. 13.00 – nytt utval

Sauda/Aksdal, 07.09.15

Inge Løyning
Leiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær